

## Ordføreren sitt hjørne - mai 2016



Mai er i gang med snøfall kvar morgon så langt. Snøfall no er mindre populært enn om det lavar ned sist i oktober. Då ventar me på vinter og preppa løyper og bakkar. No er det vår og sommar me håpar på. Alt til si tid, er det noko som heiter, slik er det med det meste.

Alle tilbakemeldingar frå næringslivet i bygda seier at dette har vore ein svært god vinter. Den beste vintersesongen nokon gong, er ord som blir brukt. Slike meldingar er triveleg å få, og det tyder på at langvarig stabilt næringsarbeid ser ut til å vera rett. I tillegg har me no ein gunstig valutasisuasjon. Hemsedal har valt å vera ein kommersiell reiselivsdestinasjon, og me har valt å satse på varme senger i næring. I arbeidet med Strategisk Næringsplan for Hemsedal, som vart vedtatt i juni 2015, vart det lagt stor vekt på å reservere nok areal til varme senger som ligg slik til at det er ski inn og ski ut. Eit samrøystes kommunestyre meiner me bør ha eit potensiale i Hemsedal for ca 15000 varme senger som er skiheisnære. Det er samstundes areal att for like mange kalde senger i reguleringsområdet. Dette er store tal, men det er ei reservering for framtida. Områder regulert til fritid og utbygd til det, kan ikkje gjerast om til næring seinare om ein ynskjer det. Derfor må kommunen planlegge langsiktig.

Til kommunestyremøtet i neste veke er det ei sak som heiter «Næringsføremål i turistområder – oppfølging og kontroll». Formannskapet handsama saka i møte den 26. april og framlegget til vedtak lyder slik:

*«Hemsedal kommune ynskjer å prioritere arbeidet med kontroll av senger som er regulert til næring. Kor vidt næringsføremål vert nytta i tråd med reguleringsføremålet må følgjast opp, og setjast i gang snarast. Prosjektplan, ressursbruk og gjennomføring av prosjektet vert handsama i samband med revidering av økonomi- og handlingsplan 2016».*

Tal frå Hemsedal Booking seier at dei har færre senger å disponere no enn for 5 år sidan. Grunnen til det kan vera mange. Me veit at nokre senger er omgjort til fritid, og såleis er borte frå kommersiell utleige. Det kan og vera varme senger som blir leigd ut gjennom andre kanalar enn Hemsedal Booking. Me vil gjennom dette prosjektet få attendemelding på korleis eigarane av næringssenger dekker kravet om booking i fellesdrift, som er eit av vilkåra for at næringsføremålet er oppfylt.

Inntektene til kommunen er avgjerande for kva tenester me greier å gje innbyggjarane. Dei to største inntektspostane er skatteinntekter og rammeoverføring frå staten. Denne vinteren har regjeringa varsla at det kjem endringar i inntektssystemet som endrar fordelinga mellom norske kommunar. Ved juletider kom eit forslag der dei minste kommunane med stor avstand til naboar stort sett kom ut med uendra rammer. Det var til dels store reduksjonar for små og mellomstore kommunar til stor fordel for dei største byane. No er det kome eit nytt forslag. Dei største kommunane er klare vinnarar no og, men endringa er at dei nest største kommunane kjem betre ut no. Det er dei 265 minste kommunane som stort sett tapar i dette forslaget. Ei av endringane som slår negativt ut for Hemsedal er at halve småkommunetillegget til kommunar under 3200 innbyggjarar blir trekt, fordi me har for god distriktsindeks. Distriktsindeksen er ein indikator på kor vellykka me er. Her teller faktorar som tilflytting, alderssamansetting, bustadbygging og arbeidsplassar. Det er underleg at regjeringa med støtte frå Venstre vil straffe dei som lykkast. For Hemsedal er varsl a inntektsreduksjon på ca kr 3 millionar, men det kan maks reduserast med kr 300 per innbyggjar kvart år. For 2017-budsjettet vil det utgjera ca kr 750 000. Uansett, inntektssystemet er noko som kan endrast kvart år om sitjande regjering og Storting vil det. Det einaste som er sikkert er at ingen ting er sikkert. Det er derfor ikkje lett å langtidsbudsjettere, men ein må alltid gjera det likevel med dei vilkåra som til kvar tid gjeld. Det blir spennande å sjå kva « Revidert Nasjonalbudsjett» som kjem no midt i mai inneheld.

Kom mai du skjønne milde...!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører